

# Dokumentasjonsvedlegg til framlegg om freding av

Tingvoll, Lensmannsgarden, Setrevegen 7 gnr/bnr 57/63 og delar av Bruvollflata gnr/bnr 57/222 i Stryn kommune.



## Lokalisering

Tingvoll har vore lensmannsgard og bustadhús i Stryn sidan byggeåret 1932. Bruken som lensmannsgard vara fram til 1960. Opphavelig var det eit jorde der Tingvoll vart bygd utafor sentrum av tettstaden Stryn. Frå huset og hagen var det fritt utsyn til landskapet kring seg. Eigedomen blei opparbeid for hagebruk, og ein del fruktrær står framleis i hagen. Anlegget er ein villa samstundes som det tidlegare var lensmannsgard og slik sett ein offentlig bygning.

Stryn er ein tettstad med administrasjons- og handelssentrum innerst i Nordfjord. Vekst i tettstaden i etterkrigstida har ført til Tingvoll er omgjeven av Tonning barneskule, Strynehallen og bygg for næringsverksemd og kommunal administrasjon. Framleis ligg det eit større grøntområde med hage og parkmessig opparbeid areal kring Tingvoll slik at utsynet til fjella og eldre busetnad i Stryn er bevart. I dag ligg Tingvoll i eit ope grøntdrag mellom dei offentlege bygningane.

## Kart og flyfoto



## **Historiske verdier i Lensmannsgarden Tingvoll**

Bygningane og eigedomen fortel ei lang historie som er knyttta til utviklinga av den norske rettsstaten. Tradisjonen syner at Tingvoll har røter attende til jarnalderen. Plassen rundt Tingvoll har vore tingstad for Strynområdet over ein lang historisk periode. Garden heiter Tingvoll og på eldre kart er eigedomen merka med "Tinghaugen". Det låg opphaveleg ein gravhaug på plassen. Vegen ved eigedomen heitte tidlegare Tinggata, men dette vart gjort om i nyare tid då det vart gjort endringar på vegnamn i Stryn kommune. Anlegget blei kalla Tingvoll ved oppføringa i 1932 da den vart lensmansgard.

I norsk historie var lensmannen den lokale ordensmakt og hadde politimyndighet. Lensmannen blei tradisjonelt valgt av allmuen og kom frå bonestanden, men var underlagt fogden som var embetsmann.

Utviklinga i politietaten er skildra i framlegg til *Landsverneplan for justissectoren* utarbeid av Justis- og politidepartementet, Statsbygg og Forsvarsbygg (2010). Om endringane i perioden 1800-1936 står det:

Ved inngangen til 1800-tallet var det kommunenes ansvar å holde politi. I byene ble politioppgavene skjøttet av et spekter med delvis overlappende instanser: Byfogdene, politimestrene, vekterkorps og borgerbevæpning. På bygdene var fogden overordnet embetsmann, mens lensmannen satt med lokalkunnskapene.

Fra slutten av 1850-tallet ble politiet i de store byene omorganisert og profesjonalisert. På slutten av 1800-tallet ble det politi over hele landet da *lov om delvis omordning af det civile embedsværk* av 21.juli 1894 bestemte at fogdeembetene skulle nedlegges og erstattes med politimesterembete.

I hele perioden var det vanlig at politiet brukte bygninger og lokaler som enten kommunene disponerte eller som de leide privat. Det var til sammenligning også svært få andre offentlige virksomheter som hadde formålsbygde lokaler før inn på 1900-tallet.

*Kjelde: Landsverneplan for justissectoren, s. 10.*

Politiet blei statlig i 1936, men omgrepet lensmann er framleis i bruk i politietaten. Som lensmannsgard markerer Tingvoll overgangen frå det gamle lensmannsvesenet til ein moderne politietat.

Lensmannsgarden Tingvoll er frå det 20. hundreåret og var den siste i ei rekke av lensmannsgardar i Stryn. I likskap med andre lensmannsgardar var den både bustad og kontor med arrest (celle). Denne kombinasjonen av privat og offentleg bruk er karakteristisk for lensmannsgardar og speglar lensmannsinstitusjonens posisjon i lokalsamfunnet og i Noreg.

Lensmannen var i regelen bonde på 1800-tallet og hadde i tillegg funksjonen som politi og offentleg tenestemann. Tingvoll som er frå 1900-tallet syner ei utvekling fram i mot urbanisering, omlegginga frå kommunalt til eit statleg politi og profesjonalisering av politietaten.

Lensmannen som bygde Tingvoll i 1932 var Kolbein Årnes som budde på garden Årnes i Oppstryn. Dette var den opphavelege lensmannsgarden og i alt tre bønder av slekta Årnes var lensmenn i Stryn i perioden 1909-1985. Kolbein Årnes hadde leid lokaler som lensmannskontor i Stryn fram til bygginga av Tingvoll i 1932. Ordninga for lensmannen i

Stryn syner trekk som er typiske for lensmannsvesenet på 18- og 1900-talet i landet som heilskap.

Bygginga av Tingvoll i 1932 syner at politi- og lensmansvesenet var i endring. Tingvoll er eit *formålsbygd* hus for lensmannen med ein privat og offentleg del i samme bygning. Dette føregrip utviklinga i etterkrigstida der politi- og lensmannsetaten fikk eigne bygg. Hagen som omkransar Tingvoll ga og lensmannen høve til hagebruk som kunne bidra til husholdninga i tillegg til gardsdrifta. Tingvoll er slik sett ei overgangsform blant lensmannsgardene.

Sjølve kontoret til lensmannen og arresten i kjellaren er med på å dokumentere eigedomens juridiske funksjon i Stryn. Det er og eit hemmelig rom i loftsgolvet som etter munnlege kjelder var i bruk for å oppbevare eit radioapparat i løyndom under den andre verdskriga. Stryn var garnisonsby under den andre verdskriga og om lag 7000 tyske soldater var utplassert i bygda. At det blei drive illegal verksemد i ein offentleg tenestebustad, fortel om kva for ei rolle lensmannen kunne ha i motstandskampen. Etter krigen var Tingvoll i bruk som lensmannsgard fram til 1960. Denne utveklinga er typisk for etterkrigstida då politiet blei sentralisert og fikk eigne bygningar.

## Bygningshistorie

Lensmannsgarden Tingvoll vart tekna av arkitekt Jon Os som diplomoppgåve i 1932. Huset med tilhøyrande fjøs er begge oppført same år. Dei opphavelege teikningane til arkitekten er ikkje bevart. Arkitektonisk er Tingvoll frå 1932 eit døme på vestlandsk byggeskikk påverka av internasjonale stildrag som jugend og klassismen, og samstundes den nasjonalromantiske arkitekturen som var meir vanleg i Noreg mellom 1890 og 1920-tallet. Dette var ein skandinavisk variant der ein henta inspirasjon frå tradisjonell trearkitektur.

Den nasjonalromantiske arkitekturens uttrykk bygde mellom anna på ideer frå den engelske Arts and Crafts-rørsla med William Morris i spissen. Desse idear var tufta på folkeleg byggeskikk, samt eit ynskje om å skape rasjonelle og helsekapande buming. Stilmessig refererer byggeskikken til tidlegare arkitektoniske uttrykk, men har ei meir moderne rominndeling. Bygningar i det nasjonalromantiske uttrykket har ofte ein åsymmetrisk plan og asymmetriske fasadar, der ulik utforming og storleikar på vindauge og dørar er typisk. Dette ser ein og tydeleg på fasadene på Tingvoll.

På tida då Tingvoll vart reist, var hagen ein viktig del av det å bu. Hagen skulle vere ein stad for fritid, rekreasjon, og helsebot. Fokus på ernæring auka forståinga av kor naudsynt det var med frukt og grønt i kosthaldet. Difor vart planer for nye bustader utarbeida med god plass til grønsakshage og fruktdyrking. Hagen rundt Tingvoll syner korleis slike ideal vart realisert.

## Hovudhuset

### *Eksteriør*

Huset er kledd med liggjande trepanel, og bygningas saltak er kledd med avrunda skiferstein. Taket har svak bogesving i takflaten ned mot geriktene. Dette preget i takforma har førelegg i bergensk byggskikk frå 1700- og 1800-talet.



Gavlfasade mot aust syner vindauge med trekk av jugend og klassisisme i ruteindelinga og omramming.

Hovudfasaden mot Rognehaugen har på eine sida ei gavlhogd med vindauge i alle tre etasjer. Frå hovudfasaden spring ein glassveranda med valma tak ut frå veggen i første høgda. Både glassverandaen og andre vindage er utforma i jugendstil med rik detaljering. Glassverandaen er i front utforma med tre vindusfelt, eit midstilt vindauge som er breiare enn dei to vindauga på sidane. Glaset er innramma med små sprossefelt rundt, som er typisk for jugendstilen. Dei øvrige vindauga er sokalla doble «Hoffmann»-vindauge» med smårutar øvst og hovedglas under, dette er òg eit jugend-trekk. Geriktene rundt vindauge og dørar er i nyklassisistisk stil med doriske søyleelement.



På baksida av huset, har bygninga ei sidefløy med eige mindre inngang til det opphavlege lensmannskontoret. Hovudinngangen til bustaddelen ligg i hjørnet med overbygd inngang. Inngangsdøra til bustaddelen er rikt utforma med eit enkelt dørspegl nederst, og glas inndelt med sprossedeling etter jugendstilens formspråk. Pilastre med arkitrav som dørromramming.



Hovudinngang til bustadelen.



Inngang til lensmannskontoret.




Sidefløyen med lensmannskontoret sett fra nord. Egen inngang til venstre. Takflaten har svak bogesving ned mot geriktene.



Detalj av vindauge som syner ei tolkning av den klassiske volutten på geriktene i skjæringa mellom jugend og klassisisme.




Kjellarvindauge med gitter på innsida i arresten (cella).




Kjøkkenvindauge mot gardsplass



Vindauge i entrén til lensmannskontoret.



Vindauge i spisestove mot aust.



Stovevindauge mot sør.



Huset har hjørneprofiler som er forma etter klassiske motiv frå doriske søylar.



Hjørneprofil nederst mot vannbord.

### *Interiør*

Rominndelinga og interiørdetaljane er i hovedsak dei opphavelege frå byggeåret 1932. Det er listverk med karnissprofil i alle rom mot himlingane og utstrakt bruk av staffpanel i himlingar og på veggane. Dørblad og gerikter er opphavelege.

Første høgda har vindfang, hall med trapp, kjøkken, anretning, spisestove, stove, glasveranda, stove/kammers og lensmannskontor med dører til bustaden og eigen entré fra tunet. Spisestova har brystpanel og nyare tapet i veggfelta og over brystninga. I dette rommet står ein ovn av støypejarn i jugendstil. Dørane er utforma med liggjande spegel øvst og nederst og med to vertikale smale spegelfelt i midten. Mellom stove og spisestove er det opphavelege skuvedørar med fasettslepne glas i dørspeglane og nøkkelskilt i jugend.

I det tidlegare lensmannskontoret står den opphavelege veggfaste innreiinga frå denne tida som er eit bokskap med tre glasdører i øvste delen. Bokskapet er utført i furu og er ikkje overmåla.

Hall med trappeløp: I hallen er det nyklassisistiske trappeløpet intakt med empire-inspirerte, smale rette spiler og håndløpar med søyleforma trappestolper og meglarar. Trappa går i ei bogeslyng utan repos mellom etasjehøgda i første og andre etasje. I trapperommet finn ein óg eit avlukke, skjult i løyndom som etter tradisjonen skal vere brukt til eit ulovleg radioapparat av motstandrørsla under den andre verdskriga.

Andre høgda har soverom og utgang til veranda i sidefløyen mot baksida av huset. Veggene i soveromma har enkel staffpanel. Fleire av romma har skråtak og i taket finn ein opphavelege støypte jernvindauge. Veggar og tak er kledd med staffpanel.


Loftshøgda har og innreda soverom med full ståhøgde medan resten er råloft.

Kjellaren: I kjellaren er det vaskerom, bodar og den opphavelege arresten (cella) med jarngitter i vindaugen og benk for arrestanten. Cella var i bruk som varetektsrom då eideomen var lensmannsgard frå 1932 til 1960. Døra inn til arresten er opphaveleg.

### **Sidebygning**


Den separate bygninga på baksida av huset har truleg vore i bruk som mindre fjøs for småfe og høns, og er i si hovedform intakt med saltak, detaljering som hjørneprofiler og vindauge.

Det er i ettertid satt inn to garasjeportar (vippedører) i veggen. Huset har likevel same stil som hovedhuset, og er stort sett intakte med detaljar. Det er óg med på å konstituere tunvirkninga på bakgårdsplassen. Riksantikvaren meiner difor at huset bør vere freda etter kml § 15 fyrste ledd, og ikkje berre som del av ei områdefreding etter kml § 19.



Sidebygning mot tunet.

## Områdefredinga



Tunet på Tingvoll med sidebygning (over). Tingvoll sett frå Rognehaugen i sør (under). Delar av arealet på Bruvollflata i forgrunnen med leikeapparat er ein del av områdefredinga.





Frukthagen sett mot sør.

Områdefredinga skal sikre bygningane si plassering i landskapet og kulturhistoriske interesser som ligg i området. Hovudhuset og sidebygningen på Tingvoll er plassert slik at det er ein gardsplass på den nordre delen av eigedomen medan frukthagen omslutter hovudhuset på sør-, øst og vest. Områdefredinga skal oppretthalde denne utforminga av eigedomen som er nær den opphavelege. Beplantninga i hagen med fruktrær og busker skal oppretthaldast på ein slik måte at landskapspreget blir tatt vare på. Områdefredinga av delar av Bruvollflata skal sikre verknaden Tingvoll har i miljøet.

Alle fotografier er tatt av Geirr Olav Gram, Riksantikvaren.

#### **Kjelder:**

Landsverneplan for justissectoren utarbeid Justis- og politidepartementet, Statsbygg og Forsvarsbygg (2010)

[http://www.regjeringen.no/pages/16674531/01\\_Innledning\\_og\\_kriterier/01\\_Tekstdel.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/16674531/01_Innledning_og_kriterier/01_Tekstdel.pdf)  
lastet 08.02.2012

<http://no.wikipedia.org/wiki/Lensmann> lastet 02.03.2012

lensmann.. (2012-03-02) I *Store norske leksikon*. Hentet fra  
[http://snl.no/lensmann./offentlig\\_tjenestemann](http://snl.no/lensmann./offentlig_tjenestemann)